

**Garden Vik i Jondal må ha vore ein av dei tidleg busette gardane i Jondal; ein god og grøderik gard aust for elva. Gamle segner vil vita at det har budd mektige menn i Vik, og vi kan gjerne tenkja oss at garden ei tid kan ha vore eit hovdingsete.**



Den gamle lensmannsgarden i Vik midt i biletet.

Et brev frå Jondal, dagsett 3. mai 1459, stadfester at SIGURD MAGNUSSON sel til frenden sin, MAGNUS JONSSON, «half femta mamatabol jord i Wiik som ligg i Jonadal nordar firir aalen».

Om «kaksen i Vik» høyrer saga eller segna til, er vanskeleg å avgjera i dag. Det vi veit, er at JOHANNES LAURITSSON VIK (1620–1704), som var lensmann i Jondal 1668–85, overtok garden i ung alder og vart ein velhalden mann. Han kjøpte det meste av Munkelivgodset i Jondal og delar av Galtung-godset. Kring 1700 var han også vorten eigar av Sålernes.

Gjennom mange generasjonar har det vore lensmenn i Viketunet, og denne garden gjev oss eit nærbilete av bondelensmannens stand og stilling, som futen sin forlengde arm i lokalsamfunnet. Delar av det velbygde stovehuset skriv seg truleg frå slutten av 1700-talet, med dørfillingar og listverk i barokkstil; seinare er huset blitt litt ombyggt midt på 1800-talet. Stabburet er truleg også frå 1700-talet, medan eldhuset, som openbert har vore ei røykstove, etter tradisjonen skal vera frå 1600-talet. Kanskje er dette det eldste stovehuset på garden. □



## UNGDOMSHUSET – EIN NORSKDOMSBASTION

Som i mange av hardanger-bygdene tok det tid før ungdomslaget i Jondal fekk seg eige hus. Først i 1933 stod huset ferdig, reist på dugnad av lagsfolket. Huset ligg med fritt utsyn i bakkehallet ovanfor Jondalsøyri. Bygget er teikna av arkitekt TORGEIR ALVSAKER, ein av dei sentrale arkitektane i den nasjonale klassisismen i mellomkrigstida. Mange ungdomslag tok Alvsaker sine bygg til førebilete.

Typisk for desse husa er den monumentale stilen, både utvendig og innvendig. (R377). Obligatorisk var den faste scenen. Spelstykke med nasjonalt innhald var ein viktig del av norskdomsrørsla sitt program. Til scenen i Jondal skaffa ungdomslaget eit måla sceneteppa med motiv frå fjordbygda Jondal. Kunstnaren var JOHAN TENOL TUXEN, opphavleg frå Vik i Sogn. Han var ein etterspurd målar av sceneteppa og kulisser for ungdomslag over heile Vestlandet; kjend for sine mange skildringar av vestlandsnaturen. I Jondalteppet har han nytta eit eldre fotografi som forlegg, frå 1907. Fruktbløming og grøderikdom – ein del av ungdomslagsrørsla sitt symbolrepertoar – manglar i Jondalsteppet. I staden er det lagt vekt på sjøen, grunnlaget for Jondal si stordomstid (R379).



## GJESTGJEVARSTADEN

Midt på 1800-talet var Jondalsøyra for det meste nytta som eksererplass for Hardanger kompani. Her var det god plass; berre eit par strandsitjarar heldt til nede ved fjorden.

I 1853 slo WIGLEIK LARSSON SVÅSAND seg ned her som jektebyggjar og handelsmann. Han bygde sjøbu og gjestgjevarstad, som framleis er i drift. LARS AMUNDSSON EIDE overtok staden i 1909, midt i blømingstida for jektetrafikken til Nord-Noreg etter fisk. I desse åra fekk Jondalsøyra si form. Utsnitt frå sceneteppa i ungdomshuset.